



SEL KOMMUNE

**Budsjett 2010
og økonomiplan
for
2010 - 2013**



1. INNHALD	
1. INNHALD.....	2
2. Administrasjonssjefen sine kommentarar	3
3. Budsjettarbeidet.....	4
4.1 Statsbudsjettet 2010.....	4
4.2 Anslag på frie inntekter i 2010.....	4
4.3 Kostnadsnøkkel for kommunane 2010.....	5
4.4 Folkemengde 1995-2009 og framskrive 2010-2030 ¹ (SSB).....	5
4.5 Befolkningsutvikling 1997-2008 (SSB).....	6
4.6 Oversikt over økonomisk situasjon for Sel og kommunane i regionen	6
4.7 Ledige barnehageplassar for barnehageåret 2009/2010 pr. 6.10.2009.....	6
4.8 Elevantal.....	7
4.9 Verknader for Sel av statsbudsjettet.....	7
5. Samandrag budsjett	7
5.1 Hovudoversyn	8
6. Tiltak for å få budsjettet i balanse	9
7. Utvikling i lånegjeld.....	9
8. Samfunn	10
9. Drift og prioriteringar.....	10
10. Kostra-tal 2008.....	10
11. Gjennomgang for kvart ansvar / virksomheit.....	12
12. Medarbeidarar	18
13. Økonomiplan 2010 - 2013.....	19
14. Investeringsplan	24
15. Fondsoversikt.....	25
16. Oversikt over ikkje lovpålagte tiltak	27
17. Orkla finans.....	28
18. Kommunestyret sitt vedtak og redigering etter dette.....	29



Ordføreren opnar kulturminne Rustgruvene

2. Administrasjonssjefen sine kommentarar

Kommunen har mange kvalifiserte og godt motiverte medarbeidarar. Innbyggerane har store forventningar til det kommunale tenestetilbodet og krav til kvalitet er stadig aukande. Kommunen har som visjon å vere ein kommune der innbyggerane har gode levevilkår og opplever tilknytning. Kommunen skal vere eit samfunn for alle der toleranse står sentralt. Medarbeidarane har vald verdiordet KIME, for kvalitet, inkludering, mot og entusiasme.

På grunn av at kommunestyret vedtok reversering av eigedomsskatten i 2009, endra dei økonomiske føresetnadene seg, og det vart innført tilnærma innkjøps- og tilsettingsstopp siste halvår for å koma i balanse ved årsslutt.

Kommunestyret vedtok i 2008 bygging av Distriktsmedisinsk senter på Otta, arbeidet er godt i gang med slutføring våren 2010. Vidare er det gjort vedtak om bygging av nytt kulturhus i samband med ombygging og renovering av Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avd. Otta. Oppland fylkeskommune er utbygger, og Sel kommune har inngått ei leigeavtale på 20 år. Innføring av eigedomsskatt for heile kommunen vart utsett i 2009, og er planlagt innført frå 2010. Satsane er ikkje endeleg vedtekne. Administrasjonssjefen tilrår at satsen blir sett til 7 promille med eit botnfrådrag på kr. 200.000.

Sel kommune har i 2009 gått til innkjøp at dataprogrammet Kvalitetslosen, som hjelp og støtte for å ivareta internkontroll i forhold til ulike lovverk som styrer offentleg sektor. Vidare vil ny heimeside koma på plass før årsskiftet, og Tjenestekatalogen frå Kommuneforlaget vil gje betre informasjon om kommunen sine tenester til innbyggerar og andre. Nytt styrings- og rapporteringssystem vil bli utarbeidd i løpet av 2010.

Sel kommune er låginntektskommune der skatteinntektene utgjer berre 66,7 % av landsgjennomsnittet. Dette heng saman med innbyggerane sine låge inntekter. Dette er ein peikepinn om kva høgt skatte- og avgiftsnivå kan medføre for den enkelte. Kommunen er difor i stor grad avhengig av det til ei kvar tid gjeldande utjamningssystemet frå staten.

Ved ferdigstilling av DMS vil kommunen få auka lånegjeld. Kommunen må difor ta inn over seg langt høgare kostnader med renter og avdrag samstundes som ein blir meir sårbar for svingande rentenivå.

Kommunen si drift må vere effektiv, og ein må ha evne til omstilling og kunne tilpasse seg nye rammevilkår. Det har vist seg over år at utgifter aukar meir enn inntekter. Det er difor ikkje realistisk å basere drifta på at alt nytt skal kome i tillegg til det gamle, og framover vil det vere heilt nødvendig å få ned driftskostnadene. Budsjettbalansen må vere styrande framover. Administrasjonssjefen vil saman med ledergruppa og hovudtillitsvalde gå gjennom drifta og legge fram forslag for å få ned driftskostnader ved både stillingsnedgang og reduksjon innafor ikkje lovpålagde tiltak.

3. Budsjettarbeidet

Administrasjonssjefen sitt lederforum – der alle virksomhetsleiarane møter – er nytta som eit forum for informasjon og utvikling. Alle virksomhetsleiarane har tilgang til økonomi-systemet med økonomiplan, der dei har fått presentert eit framskrive budsjettframlegg. Det er lagt inn ein forventa lønsvekst på 3,5 % og ein prisvekst på 2 %. Samtidig har det vore sett krav til at alle skulle gå gjennom tal på tilsette og sjekke stillingsstorleiker nøye for å vurdere behovet. Nye tiltak skal meldast utanom framlegget for politisk prioritering. I tillegg har ledergruppa kvalitetssikra tala så langt råd er. For gebyrinntekter blir det vist til eige sak om gebyrregulativ der det i stor grad er lagt på eit prispåslag på inntil 4 %. Formannskapet har bede administrasjonssjefen om å legge fram eit budsjettforslag.

For budsjettåret 2010 og økonomiplanen har det vist seg svært vanskeleg å koma i balanse. Det har det vore fleire kuttprosessar før administrasjonssjefen legg fram sitt endelege forslag til politisk behandling. Lønsoppgjeret i 2009 var eit dyrt låglønnsoppgjær, og ei omlegging av momskompensasjon samt utsetjing av innføring av eigedomsskatt for heile kommunen i tillegg til auka driftskostader – særleg knytt til drift av Distriktsmedisinsk senter og nytt kulturhus, har ført til behov for reduksjon andre stader. Kutt i vikarbudsjett på alle avdelingane, kutt i driftsmidlar og stram økonomistyring framover er tiltak som er undervegs. Avdelingane har vist stor lojalitet til dei føringane som er lagt frå administrasjonssjefen.

4.1 Statsbudsjettet 2010

Regjeringa viser i forslag til statsbudsjett at m.a. følgjande skal vektleggjast:

Barnehage:

- behalde maksimalpris i barnehagen
- auke kompetansen for tilsette i barnehagen

Skule:

- auke undervisningstimetal
- Gratis leksehjelp i SFO
- Tiltak mot fråfall i vidaregåande opplæring
- Rentekompensasjonsordning for skule- og svømmeanlegg
- Nytt tilskott til kulturskular

Helse:

- Samhandlingsreformen er forventa innført
- Tilskott til nye sjukeheimsplassar og omsorgsbustader
- Vekt på førebyggjande arbeid

4.2 Anslag på frie inntekter i 2010

Frie inntekter er skatt på inntekt og formue og rammetilskott. Lønns- og prisveksten - deflatoren - i kommunesektoren i 2009 – 2010 er vurdert til 3,1 prosent.

Vekst i frie inntekter er rekna frå anslag på rekneskap for 2009 til anslag på rekneskap for 2010. Det er lagt til grunn høgare skatteinntekt enn føreset ved framlegging av revidert

nasjonalbudsjett 2010. Inntektsveksten er rekna frå anslag revidert nasjonalbudsjett i 2009 til 4,7 prosent.

Ulik vekst for kommunane skuldast ulike forhold:


- verknad av endring i inntektssystemet
- endring i tildeling av skjønn
- verknad av nyare kriteriedata
- verknad av inntektsgarantiordninga

4.3 Kostnadsnøkkel for kommunane 2010

- denne ligg til grunn for tildeling av midlar:

Kriterium	Vekt	Tal Sel
Basistillegg	0,025	1,8620
Innbyggjarar 0 – 5 år	0,023	0,8037
Innbyggjarar 6 – 15 år	0,316	0,9922
Innbyggjarar 16 – 66 år	0,120	0,9498
Innbyggjarar 67 – 70 år	0,084	1,3766
Innbyggjarar 80 – 89 år	0,132	1,4273
Innbyggjarar 90 år og over	0,049	1,2230
Urbanitetskriterium	0,041	0,6787
Skilte og separerte 16 – 59 år	0,038	0,8827
Arbeidsledige 16 – 59 år	0,010	1,0292
Berekna reisetid	0,016	1,1713
Reiseavstand innan sone	0,010	1,8228
Reiseavstand til nærmaste nabokrets	0,011	1,3410
Dødelegheit	0,025	0,9431
Ikkje-gifte 67 år og over	0,025	1,3780
Innvandrarar	0,005	0,2329
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,062	1,7819
Psykisk utviklingshemma under 16 år	0,003	1,0141
Landbrukskriterium	0,005	2,6587
Sum	1,000	

4.4 Folkemengde 1995-2009 og framskrive 2010-2030¹ (SSB)



¹Framskrivning basert på alternativ MMMM (middels vekst)

4.5 Befolkningsutvikling 1997-2008 (SSB)

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Fødsels- overskott	28	7	9	18	1	-13	-3	-8	-2	13	-13	-4
Nettoflytting inkl. inn- og utvandring	-42	-72	39	-63	-73	-57	-11	-25	23	4	-81	12
Folketilvekst	-14	-65	48	-45	-72	-70	-14	-33	24	16	-94	10

¹Tal for 2004 og tidlegare er basert på foreløpige tal, og vil derfor avvike frå endelege tal som framgår i statistikken [Befolkningsendringer i kommunene 1951-](#)

4.6 Oversikt over økonomisk situasjon for Sel og kommunane i regionen

(Kjelde statsbudsjettet)

Kommune	Netto driftsres. i prosent av drifts-innt.2008	Netto lånegjeld 2008	Utgiftskorr. frie inntekter 2008	Anslag på frie inntekter 2010	Vekst fra RNB 2009 – 2010		Vekst fra anslag på regnskap 2009-2010	
					Nominelle kr (1000kr)	%	Nominelle kr (1000kr)	%
		<i>(kr. pr innb.)</i>	<i>(i % av landsgj.)</i>	<i>(1 000 kr)</i>				
0511 Dovre	-2,8	41 421	98	117 684	3 390	3,0	2 880	2,5
0512 Lesja	4,3	16 724	100	99 204	5 854	6,3	5 455	5,8
0513 Skjåk	4,4	15 314	100	95 976	5 819	6,5	5 395	6,0
0514 Lom	3,1	30 734	98	99 291	6 022	6,5	5 583	6,0
0515 Vågå	1,2	37 637	93	162 660	9 083	5,9	8 407	5,5
0516 Nord-Fron	0,4	17 808	93	223 016	11 418	5,4	10 348	4,9
0517 Sel	-4,0	32 918	92	242 202	11 450	5,0	10 350	4,5
Oppland	-1,5	29 968	94	6 756 905	307 956	4,8	273 925	4,2

4.7 Ledige barnehageplassar for barnehageåret 2009/2010 pr. 6.10.2009

Barnehage	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Heggelund og Sandbu	0	0	11 + 4	0	1
Heidal	0	0	6	0	0
Ottbragden	0	0	0	0	0
Sel	1	0	11	0	0
Selsverket	0	1	5	0	1
Sum kommunale	1	1	37	0	2
Slottet	3	7	4	2	4
Smurfen	0	0	0	0	0
Thoskogen	4	6	5	1	5
Sum private	7	13	9	3	9
Sum totalt	8	14	46	3	11

4.8 Elevtall

Tal frå SSB, og viser fødde i Sel aktuelt år.

Skolekrets Fødselsår	Heidal	Otta	Sel	Totalt
2008	15	39	7	61
2007	7	41	9	57
2006	13	42	11	66
2005	14	35	13	62
2004	13	31	6	50
2003	15	36	9	60
2002	22	35	13	70
2001	15	46	14	75
2000	20	47	9	76
1999	19	37	9	65
1998	19	53	13	85
1997	24	47	16	87

4.9 Verknader for Sel av statsbudsjettet

Utgangspunktet i statsbudsjettet er følgjande for 2010:

Forventa lønsauke	3,5 %
Forventa prisvekst	3,1 % *
Deflator (Løns- og prisvekst)	3,1 %
Auke i skatteinntekter for Sel	6,8 %
Auke i frie inntekter i Sel (skatt og rammetilskott)	5,3 %

Frie inntekter er Skatt, inntektsutjamning og rammetilskott. Dette skal dekke auka faste utgifter som ikkje har anna finansiering og staten sine satsingsområde.

*For budsjettet i Sel er det lagt inn ein forventa prisvekst på 2 %, altså 1,1 under statsbudsjettet sine prognoser. Her ligg ei forventa innsparing.

5. Samandrag budsjett

	Regnskap 2008	Just.buds.2009	Budsjett 2010
Driftsinntekter			
Brukerbetalingar	11 598 687	11 539 200	12 009 000
Andre salgs- og leieinntekter	35 821 108	35 820 520	35 588 000
Overføringer med krav til motytelse	92 058 547	57 144 555	65 379 000
Rammetilskudd	111 541 815	139 306 000	148 353 000
Andre statlige overføringer	8 593 285	10 681 740	9 289 000
Andre overføringer	2 033 048	2 174 901	1 131 000
Skatt på inntekt og formue	86 656 392	90 638 000	96 847 000
Eiendomsskatt	6 468 881	4 600 000	12 200 000
Andre direkte og indirekte skatter	522 920	195 000	195 000
Sum driftsinntekter	355 294 684	352 099 916	380 991 000
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	204 325 365	209 805 102	224 084 000
Sosiale utgifter	37 318 412	38 955 054	44 707 000
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	67 334 514	62 132 229	64 367 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	19 630 765	19 442 551	20 084 000

Overføringer	29 516 351	19 099 500	17 082 000
Avskrivninger	15 382 342	10 374 000	17 609 000
Fordelte utgifter	-5 607 744	-3 112 280	-1 897 000
Sum driftsutgifter	367 900 005	356 696 156	386 036 000
Brutto driftsresultat	-12 605 321	-4 596 240	-5 045 000
Finansinntekter			
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	14 600 992	15 340 000	12 020 000
Mottatte avdrag på utlån	1 500	30 000	544 000
Sum eksterne finansinntekter	14 602 492	15 370 000	12 564 000
Finansutgifter			
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	23 732 627	12 050 000	10 200 000
Avdragsutgifter	7 876 440	10 320 000	12 122 000
Utlån	35 300	10 000	680 000
Sum eksterne finansutgifter	31 644 367	22 380 000	23 002 000
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-17 041 875	-7 010 000	-10 438 000
Motpost avskrivninger	15 382 342	10 374 000	17 609 000
Netto driftsresultat	-14 264 854	-1 232 240	2 126 000
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	2 375 962	0	0
Bruk av disposisjonsfond	14 151 639	7 373 740	645 000
Bruk av bundne fond	4 275 630	2 952 500	1 617 000
Bruk av likviditetsreserve	1 712 032	6 759 762	0
Sum bruk av avsetninger	22 515 263	17 086 002	2 262 000
Overført til investeringsregnskapet	2 244 355	1 340 000	1 564 000
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	960 000	12 353 762	1 534 000
Avsetninger til bundne fond	5 046 054	2 160 000	1 290 000
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0
Sum avsetninger	8 250 409	15 853 762	4 388 000
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0	0	0

5.1 Hovudoversyn

Brutto driftsresultat er redusert med kr. 449.000 i forhold til justert budsjett for 2009. Driftsinntektene aukar med 28,9 mill. kr. medan driftsutgiftene aukar med 29,3 mill. kr. Til tross for forslag om reduksjon i stillingar aukar fortsatt utgiftene mer enn inntektene.

Driftsinntekter.

Dei største endringane er:

Auke i rammetilskott kr. 9.000.000

Auke i skatt på inntekt og formue kr. 6.200.000

Auke i overføringar (refusjonar)	kr. 8.000.000
Auke i eigedomsskatt	kr. 7.600.000
Reduksjon i andre statlege overføringar	kr. 1.400.000
Reduksjon i andre overføringar	kr. 1.000.000

Eigedomsskatten er berekna etter 7 promille med eit botnfrådrag på kr. 200.000.

Driftsutgifter.

Lønn og sosiale utgifter aukar med kr. 20.3000.000

Arbeidsgjevaravgifta er 6,4% av lønn og pensjonsutgifter. Pensjonsutgiftene er berekna etter prognose frå KLP.

Kjøp av varer og tenester aukar med til saman 2,8 mill. kr. Avskrivningane aukar i takt med investeringane.

Finans

Renteinntekter, utbytte og eigaruttak. Utbytte og renter frå Eidefoss er redusert med 2 mill. til 8 mill. kr.

Motteke avdrag på lån. Auke på 0,5 mill. pga. auka bruk av sosiale lån.

Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter. Ned 4,3 mill. Lavt rentenivå.

Avdragsutgifter. Auka med 1,8 mill. kr. Dette har si årsak i auka lånegjeld.

Utlån: Auke med 0,6 mill. kr. Auka bruk av sosiale lån.

Resultat eksterne finansieringstransaksjonar

Resultatet er forringa med 0,9 mill kr. Dette skuldast summen av tilhøva over.

Motpost avskrivningar. Tilsvarende utgiftsposten

Netto driftsresultat. Betra med 1 mill. kr. Basert på ønskje om 2 – 3 % positivt driftsresultat, burde ha vore minst 8 mill betre.

Bruk av fond. Det er lagt opp til minimal bruk av fondsmidlar.

Overføring til investeringsrekneskapen. Det overføres 1,6 mill kr.

Avsetningar til disposisjonsfond. Avsetjinga gjeld renter frå Eidefoss til Utviklingsfondet.

Avsetningar til bundne fond. Konesjonskraft m.v.

6. Tiltak for å få budsjettet i balanse

Eit eige prosjekt for å redusere aktiviteten blir sett i verk. Her er konkrete forslag å redusere tal på stillingar i 2010 og 2011 med ca 20 årsverk. Vidare ligg det inne forslag om å redusere ikkje lovpålagte tiltak med 1 mill kr. Resultat her avheng av kommunestyret sitt vedtak. Kostnadskutt er lagt på ansvar 199. Ein slik reduksjon vil nødvendigvis føre til ein viss reduksjon i kvalitet på ein del tenester.

- Tidlegare forslag om endring av driftsform i bufellesskapet i Heidal har vore sett fram som eit innsparingsforslag, dette er tatt bort ut frå ei vurdering av driftssituasjonen og behov for sjukeheimsplassar i kommunen.
- Innsparing knytt til flytting av avlastningsbustad på Selsverket er utsett.

7. Utvikling i lånegjeld

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Pr. 31.12	215 000	231 500	277 241	331 241	331 241	330 241	324 241

Det ligg inne ei gjennomsnittrente i 2010 på 2,0 %. Vesentleg høgare rente første halvår 2009.

8. Samfunn

Styringsmodell for Sel kommune

Strategisk styring av Sel kommune tek utgangspunkt i vedteken kommuneplan 2006-2017.

Planen tek utgangspunkt i 5 utfordringar.

- Vidareutvikle Otta som by, kommune- og regionsenter .
- Positiv folketalsutvikling
- Legge til rette for at Sel skal vere ei god kommune å bu i
- Oppretthalde og vidareutvikle gode levevilkår i kommunen
- Ivareta miljøet.

Andre dokument som og må vektleggast, er m.a Oppland fylkeskommune - Regionalt handlingsprogram 2010.

Her er Nord-Gudbrandsdalen sin konkurranseprofil knytt til nasjonalparksatsinga – med visjonen: Oppleving, utfolding og livskvalitet.

Tiltak: Beste nærings- og bukommunen i Oppland.

9. Drift og prioriteringar

Generelt sett er drifta i kommunen god. Trass svakt inntektsgrunnlag har ein eit vidt spekter av tenester etter ein i hovudsak desentralisert modell, der tenestene vert ytt nær der innbyggjarane bur.

Kommunane har primær oppgåver gjennom lovbestemte rettar for innbyggjarane, og er først og fremst ansvarleg for kvaliteten på desse tenestene. Arbeid med betre dokumentasjon vil få fokus også i 2010 og økonomiplanperioden. Regionalt prosjekt for felles tenesteproduksjon innafor lønn, rekneskap og skatt er sett i gang.

IKT-samarbeid mellom Sel og dei andre Norddalskommunane opnar for meir rasjonelle driftsløysingar innan ulike tenester. I 2009 er felles fagprogram for skule, barnehage, kulturskule og vaksenopplæring kjøpt.

10. Kostra-tal 2008

Utvalgte nøkkeltall, Kommuner – nivå 1	0517 Sel 2008	0515 Vågå 2008	0511 Dovre 2008	0516 Nord- Fron 2008	0522 Gausdal 2008	KG11 Gj.snitt kom.grup pe 11 2008	AKUO Gj.snitt landet utenom Oslo 2008
Finansielle nøkkeltall (prosent)							
Brutto driftsresultat av brutto driftsinnt.	-3,5	-7,7	-1,9	-1,2	-3,2	-0,1	0,3
Netto driftsresultat av brutto driftsinnt.	-4,0	-2,8	1,2	0,4	-1,7	-1,6	-0,6
Langsiktig gjeld av brutto driftsinntekter	168,7	197,5	187,6	149,1	176,5	187,5	176,7

Arbeidskapital av brutto driftsinnt.	11,7	22,3	32,5	19,6	28,8	16,6	22,5
Frie inntekter i kroner per innb.	33 004	36 333	34 808	32 232	33 035	32 865	30 956
Netto lånegjeld i kroner per innb.	32 918	41 421	37 637	17 808	39 107	36 094	33 648
Prioritering (pr. innbygger)							
Netto driftsutg. 1-5 år barnehage	3 588*	28 938	31 626	27 248	13 762	16 034	16 504
Netto driftsutgifter grunnskole 6-15 år	90 870	91 603	82 813	97 121	91 203	81 743	78 645
Netto driftsutgifter kommunehelsetj.	1 705	2 823	1 765	1 534	1 579	1 601	1 531
Netto driftsutgifter pleie- og omsorgtj.	13 675	12 191	17 671	14 397	14 574	14 573	12 346
Netto driftsutgifter til sosialtj.20-66 år	3 092	3 723	1 739	1 549	1 351	2 018	2 252
Netto driftsutgifter 0-17 år, barneverntj.	4 691	5 637	2 380	4 790	3 469	4 707	4 886
Netto driftsutgifter til adm. og styring	4 300	6 806	5 284	4 469	4 047	3 586	3 444
Dekningsgrad							
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	88,8	91,4	85,3	90,4	94,9	87,3	88,0
Andel elever i grunnsk. spesialunderv.	7,8	9,9	8,1	8,2	8,8	8,4	7,0
Legeårsverk pr 10 000 innb. k.helsetj.	10,5	12,2	13,8	11,2	7,3	9,6	9,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innb.	8,3	9,3	10,4	10,0	10,4	9,3	8,8
Andel plasser i enerom i pleie- og oms.tj	100,0	100,0	72,0	87,7	100,0	94,2	93,9
Andel 80 år og over på institusjon	10,9	20,7	15,4	19,9	18,7	14,3	13,9
Andelen sos.hjelpmottagere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	6,7	7,9	3,3	3,6	2,1	3,7	3,6
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	3,5	5,8	3,7	6,3	4,2	4,7	4,0
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	10,6	21,3	21,0	19,5	12,1	12,5	8,9
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	8	115	35	105	5	36	33
Kommunalt disp. boliger per 1000 innb.	22	24	21	18	22	22	20
Produktivitet/enhetskostnader							
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	107 396	100 144	122 015	116 806	121 722	118 715	126 490
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, per elev	91 282	88 512	82 789	99 826	88 034	82 205	78 923
Gjennomsnittlig gruppestr. 1.til 7.årstr	12,0	11,3	11,8	10,5	12,1	12,2	13,2
Gjennomsnittlig gruppestr. 8.til 10.årstr	9,9	9,3	13,4	11,0	14,5	13,7	14,6
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av kjernetjenester til hj.boende (i kroner)	161 212	72 199	146 653	121 969	118 895	174 579	174 479
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	725 564	613 062	723 100	716 930	828 803	752 658	788 500
Årsgebyr for vann (rapp.år +1)	2 719	3 528	3 528	3 044	3 500	2 387	2 556
Årsgebyr for avløpstj. (rapp.år +1)	3 725	4 080	3 532	6 614	3 550	3 307	2 923
Årsgebyr for avfallstj.(rapp.år+1)	1 550	1 550	1 848	1 422	1 790	2 128	2 150
Gjennomsn. saksbeh.tid byggesaker	18	14	24	25	40	34	34
Gjennomsn. Saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner	90	180	40	690	344	249	225
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdager)	300	60	50	50	21	94	87
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	82 938	61 271	48 064	66 673	57 405	68 153	92 150

Lovanvendelse							
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	93	93	100	94	100

(*For barnehage viser SSB for lågt tal)

Forklaring til KOSTRA-tabellen

Tabellen over er ein illustrasjon på nøkkeltal, prioritering, dekningsgrad og produktivitet for viktige område i Sel samanlikna med like kommunar i Gudbrandsdalen, tilsvarende kommunar i landet, gruppe 11, snitt kommunar i Oppland og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar vil endra seg når følgjande tre faktorar endrar seg: reell driftsutgift, prisstigning (nominell utgift) og innbyggjartal.

Driftsutgiftene kan endre seg som følgje av at drifta er meir effektiv og av at området er høgare eller lågare prioritert. Nøkkeltal må difor analyserast nærare og sjåast i samanheng for å finne ut om det er ei positiv eller negativ utvikling for tenesteproduksjonen. Utviklinga seier heller ikkje noko om opplevd kvalitet.

11. Gjennomgang for kvart ansvar / virksomheit

Sel kommune har administrativ organisering med to-nivå modell, med ei ledergruppe med administrasjonssjef, økonomisjef og to kommunalsjefar, 24 virksomheiter og stab-/støttefunksjonar.

Ansvar 100:199 Politikk, Revisjon, Kyrkjeleg fellesråd, Administrasjonssjef, Stab-/støttefunksjonar for økonomi, personale, IKT og service samt tilleggsløyvingar.

Ansvar 100:199 har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	22.365.468	23.302.133	22.235.000

Godtgjering politikarar er lagt inn for ordførar med kr. 650.000.

Fellessrådet har bedt om ein auke på 4,8 mill, det er lagt inn 4,1 mill kr.

Lønn tidlegare økonomisjef ligg inne med heilårsverknad for 2010.

På ansvar 190 er det budsjettet 80 % stilling som kommuneadvokat.

For ansvar 194 IKT har det vore ønskje om ei stilling til, evt lærling, dette er ikkje lagt inn.

Kvalitet på infrastruktur (kabling etc) er betra, dette fører imidlertid til noko auka kostnad.

Som innsparingstiltak er det lagt inn ein lønnsreduksjon på 2.055 mill kr og ein reduksjon på ikkje lovpålagte oppgåver med 1 mill kr på ansvar 199, sjå pkt. 17.

Ansvar 2 Oppvekst. Kommunalsjef Kari Hølmo Holen.

Ansvar administrasjon, fjellskule og private barnehagar med slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 200	-805.266	678.391	1.334.000
Netto driftsutgift 295	21.228	520.966	246.000
Netto driftsutgift 268 Smurfen	732.617	750.000	905.000
Netto driftsutgift 277 Thoskogen	428.243	500.000	553.000
Netto driftsutgift 278 Slottet	444.669	500.000	509.000

MOT er lagt under ansvar 200 (flytta frå 357). Vidare ligg skjønnskott barnehage og styrkingsmidlar for barnehage her.

Fjellskulen driv vesentleg rimelegare enn tidlegare. Det blir arbeid for å redusere kostnadane ytterlegare og rekneskap hittil for 2009 ligg langt under budsjett. Kommunalt tilsyn med vekt på innhald i skule og barnehage blir vidareført neste år.

Ansvar 270 Spesialundervisning førskolebarn er lagt inn under ansvar 200.

For dei private barnehagane gjeld likebehandlingsprinsippet. Det vil i 2010 bli ein gjennomgang på tilskottet for å vurdere storleik i forhold til dei kommunale barnehagane.

Ansvar 204 Felles PPT for Nord-Gudbrandsdal - Jan Egil Fossmo.

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	1.506.000	1.516.171	1.647.000

Tenesta har nå 12,84 årsverk fordelt på 16 personar. Etter ein vanskeleg oppstart synest tenesta nå å finne si form og det kjem gode tilbakemeldingar frå dei andre kommunane i samarbeidet.

Ansvar 211 – 216 Skulane:

Skulefruktordninga vart ved innsparringstiltak hausten 2009 tatt bort unntatt for skular som får statstilskott til det - Heidal og Otta ungdomsskule. Det er tidlegare vedteke å utgreie ny ressursfordelingsmodell mellom skulane. Dette vil bli lagt fram som sak våren 2010.

Kompetanseløftet blir vidareført overfor lærarane, men tilskott blir kanalisert gjennom høgskulesystemet og ikkje til kommunane. Oppfølging av resultat frå nasjonale prøver og vekt på grunnleggjande ferdigheiter blir sentrale i 2010. Vidare ein gjennomgang av styrkingstiltak med tidleg innsats som mål, og heller ein reduksjon oppover i klassetrinn. Arbeid med dokumentasjon er sett i verk. Nytt skuleprogram og innføring av læringsplattforma It's learning er tiltak som vil betre dette arbeidet. Det er fokus på utviklingsarbeid med vekt på faglege resultat og eit godt læringsmiljø, oppfølging av m.a. skuleplanen og overgangsplanen i tillegg til sentrale pålegg og føringar. Ramme for spesialpedagogiske tiltak ligg nå inne på kvar einskild skule.

Ansvar 211: Sel skule Rektor Synnøve Persstuen

Ansvar 281: Skolefritidsordning Sel

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	4.971.340	4.723.024	5.267.000
Netto driftsutgift	41.078	81.542	106.000

Sel skule viser til at post til ordinært arbeids- og formingsmateriell ikkje har vore endra dei siste åra. Skulen har ikkje grupperom, og det er ønskje om kjøp av skilleveggar for bruk i klasserom. Vidare er skulen nedslitt inventarmessig og har behov for opprusting, utan at dette er lagt inn. Leirskule er auka til kr. 40.000. Samarbeidsutvalet har ønskje om auke for posten utstyr/inventar kr. 100.000, dette er ikkje lagt inn.

Ansvar 212: Otta Ungdomsskule Rektor Leif Solheim

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	14.856.238	15.898.336	16.723.000

Skulen vidarefører nåverande drift. Det vantar ein del på skjerming og ein del møblar.

Ansvar 213: Otta skule inkl Nyhusom Rektor Reidun Hagen**Ansvar 280: Skolefritidsordning Otta**

Tenestene har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 213	20.936.776	21.902.352	21.632.000
Netto driftsutgift 280	288.322	348.235	316.000

Skulen vidarefører nåverande drift. Utbygging av byggetrinn 2 for Nyhusom er starta i 2009 og vil bli ferdigstilt hausten 2010. Otta skule er nedslitt, og det er stort behov for nybygg i økonomiplanperioden. SFO har sommarope tilbod. Det er få som nyttar tilbodet, kostnad for 4 veker er ca 40.000 når tal på barn som nyttar tilbodet er under 18.

Ansvar 216: Heidal skule Rektor Håvard Smidt**Ansvar 283: Skolefritidsordning Heidal**

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 216	13.627.580	14.050.084	14.835.000
Netto driftsutgift 283	128.092	133.346	138.000

Skulen vidarefører nåverande drift. Skulen får auka kostnader for leirskole i 2010, med 24 elevar mot 12 i 2009.

Ansvar 268:278 Barnehage

Barnehagetilbodet i Sel er godt og imøtekjem dei krava lover og føresegner stiller til barnehagedrifta. Frå tidlegare overkapasitet med svært mange ledige plassar, har nå barnehagane tilpassa bemanning til tal på plassar, og oversikt lagt inn i dokumentet syner langt betre styring med dette enn tidlegare. Endring i alder på barn med stadig fleire yngre barn under 3 år skaper ein travel kvardag, og det er behov for å vurdere bemanningsnorm i samband med ny barnehageplan. Det er eit godt samarbeid mellom dei kommunale og private barnehagane.

Barnehagane har slik budsjetttramme med netto driftsutgift:

Barnehage m/styrar	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Heggelund og Sandbu 272 Liv Høystad	1.107.491	982.447	485.000
Heidal 275 Oddny Løkken Sanden	41.649	492.700	241.000
Ottbragden 273 Reidun Aasgaard	896.585	896.131	656.000
Sel 271 Irene Fossøy	331.759	439.973	406.000
Selsverket 276 Hilde Bjørklund	347.281	560.281	309.000

Det er vedlikehaldsbehov særleg for Ottbragden og Sel, dette vart utsett pga krisepakka og arbeid knytt til denne i 2009. Fleire av barnehagane har behov for meir utstyr og leiker for å gje dei minste barna eit betre tilbod.

Ansvar 3: Kommunalsjef Kåre Eide

Ansvar administrasjon 300

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
--	----------------	-----------------	------

Netto driftsutgift 300	1.048.514	871.793	1.341.000
------------------------	-----------	---------	-----------

Under ansvar 300 er kommunalsjef og helsefagleg rådgjevar nå plassert.

Ansvar 310 og 312 Helsesøster og Jordmor. Virksomhetsleder Rigmor Høye

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 310	1.606.874	1.831.319	2.091.000
Netto driftsutgift 312	706.205	541.597	468.000
Netto driftsutgift 313	15.655	0	183.000

Helsesøstertenesta blir vidareført som tidlegare.

Frå 1.8.2009 er det jordmor i eigen stilling i Sel, og det er såleis ikkje behov for å kjøpe jordmortenester til svangerskapskontroll m.m.

Felles jordmolvakt fortset som i 2009, det er pårekna å flytte vaktstasjon frå hotellet og inn i nybygg for DMS til våren. Ny husleige er lagt inn i budsjettet.

Nytt ansvar 313 gjeld felles jordmolvakt for regionen.

Ansvar 319 – 327 Legetenesta. Virksomhetsleder Inge Johansen

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	4.811.580	5.553.339	5.888.000

For ansvar 319 er det lagt inn løn for kommuneoverlege/overlege DMS og tilskott til kommunen sin del av stilling for utviklingsleder med kr. 36.000 og reservert DMS kr. 200.000. For ansvar 320 er det lagt inn fastlønnsdel til 4 legar i 20 % offentleg stilling. Ei stilling har vore vakant i 2009.

På grunn av forventa kostnadsauke med bilgodtgjersle til legar i vakt er det lagt inn midlar til leasingavtale for eigen legevaktbil.

For Dialyse er det lagt inn auka husleige i nye og utvida lokale.

Ansvar 294, 330 – 333 Rehabilitering. Virksomhetsleder Åse Lundemo

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 294	-198.954	823.724	1.196.000
Netto driftsutgift 330 - 333	4.087.895	8.805.728	9.625.000

Ingen nye tiltak er lagt inn i talbudsjettet. Psykisk helsearbeid er frå og med 2009 inkludert i rammetilskottet, det forklarar tala, da inntekt er ført på rammetilskottet.

Vaksenopplæringa 294 har i 2009 fått gode og nye lokale i Telenorbygget med noko auka driftskostnad.

Ønskje framover er auka stillingsressurs innafor fysioterapi, ergoterapi, aktivtør og folkehelsekoordinator samt vaktordning for psykososialt team. Det er også sett behov for dette i samband med utbygging av DMS.

Ansvar 351 Barnevern. Virksomhetsleder Kristin Kalbakk

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 351	4.426.889	6.041.411	6.641.000

Utgiftsauken skuldast i hovudsak fosterheimsplasseringar for barn frå Sel. Fosterheimsgodtgjersla vert ført som lønsutgift. Det har vore ein auke i saker i Sel. Sakene er meir komplekse enn tidlegare og krev større økonomiske ressursar.

Tenesta fungerer elles godt for både Vågå og Sel og ein har lukkast i å samle god fagleg kompetanse ved kontoret.

Ansvar 352 og 353 Bofellesskap for mindreårige flyktningar. Virksomhetsleder Eva Brennhaugen.

Tenesta gjeld Gamlevegen og Dahleflata og har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	46.599	-736.813	-741.000

Føresetnaden for tenesta er at kommunen skal ha utgiftsdekning.

Ansvar 350 og 354 NAV-Sel. Virksomhetsleder Steinar Løsnesløyken

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 350	830.406	9.572.558	9.847.000
Netto driftsutgift 354	9.421.346	0	270.000

Råd, veiledning og sosialt forebyggande arbeid blir vidareført med 4,8 stillingar på NAV-Sel. Det er lagt inn 80 % prosjektlederstilling for boligsosialt tiltak, der 50 % er finansiert gjennom eit boligsosialt prosjekt gjennom Fylkesmannen.

Utgiftspost til menneske med rusproblem varierar med tal på døgnplassar som blir kjøpt. 13 personar deltar i kvalifiseringsprogrammet i 2010. Det er eit mål å redusere sosialhjelp-kostnader i 2010.

Ansvar 356 Flyktningar

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 356	-1.297.632	-1.180.310	-1.210.000

Ansvar 371 Sel sjukeheim Virksomhetsleder Svein Helge Synstnes

Ansvar 374 Sjukeheimsavdeling DMS (nytt)

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	22.112.576	22.905.825	24.494.000
Netto driftsutgift	0	0	2.457.300

Sjukeheimen opplever eit aukande behov om plassar. Det ligg i budsjettet å kunne drive med noko overbelegg i periodar, men med vedvarande overbelegg må sjukeheimen tilførast meir midlar. 5 hjelpepleiarar har fått auka stilling frå 25 til 40 %, og det er lagt opp til at alle skal ha tilbod om minimum 40 % stilling i løpet av 2010. Dette vil kunne føre til mindre behov for ekstravakter.

Ansvar 372 Otta Distrikt. Virksomhetsleder Kari Øybrekken

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	14.075.351	14.053.762	16.013.000

Drifta er vidareført. Det er lagt inn forventa inntekt som tilskott for to ressurskrevjande brukarar med til saman kr. 490.000.

Ansvar 373 Heidal distrikt. Virksomhetsleder Anne-Marie Bråtesveen

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	10.343.785	12.047.444	13.096.000

Drifta er vidareført.

Ansvar 334, 380 – 383 Tenester for funksjonshemma. Virksomhetsleder Rita Randen

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	19.723.692	18.787.641	20.031.000

Auken i lønnskostnad for aktivitetssenteret kjem av at brukar og tilsett er flytta over frå Elvebakken til aktivitetssenteret kostnadmessig.

Tiltak funksjonshemma – her er reglane for berekning av tilskott for ressurskrevjande brukarar endra, men det er likevel rekna med eit tilskott på vel kr. 3 mill som er inntektsført på ansvar 372.

Det ligg ikkje inne framlegg om å gjere noko med Avlastingsbustaden på Selsverket nå, men vil vere grunnlag for å setje i gang utgreingsarbeid for mogleg innsparing seinare.

Ansvar 400:499: Næringsarbeid Kommunsjef Kari Hølmo Holen

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	2.316.469	913.521	2.005.000

Tilskotet til turistkontoret er lagt inn med kr. 700.000 inntil politisk vedtak om evt reduksjon. Det er ikkje lagt inn ny stilling som næringsmedarbeidar. Landbruksvikarordninga er tatt bort. Kostnad regionkontoret for drift, partnerskapsmidlar og ulike regionale prosjekt (Nasjonalparkkriket, verdiskapingsprogrammet, kulturlandskapsprosjekt, tilflyttarprosjekt og karrieresenter) er lagt inn, i tillegg til landbruksfond på kr. 150.000 og tilskott til Sel-Rondane reiselivslag kr 100.000. Styret for Kristindagene har lagt ned arbeidet sitt. Framtid for turistkontor og Kristindagene må avklarast i 2010.

Landbrukskontoret for Sel og Vågå er ikkje tatt med her, budsjettert med kr. 1.650.000 i 2010. Kommunalt næringsfond er forventa vidarført med kr. 275.000.

Ansvar 290, 500-599: Musikk- og kulturskulen Virksomhetsleder Ola Hage (Vikar for Jertru Stallvik)

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift 290	1.412.049	1.368.006	1.621.000
Netto driftsutgift 510 - bibliotek	2.220.993	2.362.293	2.344.000
Netto driftsutgift 500 - 599	3.288.009	3.467.915	3.410.000

For ansvar 290 er det lagt inn ein auke på 20 % stilling som dirigent for skulemusikkorps, eit samarbeid med musikkforeiningane som dekkjer 20 %.

Ungdomsmedarbeidarstilling er ikkje lagt inn. Kostnad stipulert til ca. kr 600.000 inkl. drift av ungdomsklubb.

Verdiskapingsprosjektet er vidareført med lønsmidlar til 1.8.10. Lønnskostnad kr. 130.000 for resten av året er ikkje lagt inn. Frivilligsentralen er vidareført på same nivå som i dag.

Det er lagt inn ein stipulert driftskostnad på kr. 500.000 for delar av 2010 for nytt kulturhus, kr. 3.200.000 på årsbasis. Personale til å drifte nytt kulturhus er ikkje lagt inn.

Ansvar 600, 605, 606, 607, 650 og 651: Plan- og beredskap Virksomhetsleder Ola Næprud

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	5.970.484	6.450.208	6.473.000

Området er vidareført som nå.

Ansvar 620, 630, 640, 661 og 670: Driftsavdeling Virksomhetsleder Marius Grøndahl
Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	4.159.399	1.848.561	3.019.000

Områda er i hovudsak sjølvfinansierande.

Tilskot til private vegar er tatt ut – kr. 50.000. Ansvar 661 kommunale vegar er auka med kr. 1.000.000.

Ansvar 700 – 799: Egedomsavdeling. Virksomhetsleder Leif Hagen

Tenesta har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	19.697.054	21.591.946	23.727.000

Auken skuldast auka areal m.a. knytt til Otta skole og DMS. Det er lagt inn innsparing på at undervarme kunstgrasbana er kutta ut nokre månadar om vinteren.

Det ligg også inne ein auke i energikostnader.

Ansvar 800 – 899 Skattar og tilskot. Økonomisjef Arvid Storborg

Området har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	-217.067.936	-238.679.660	-259.056.000

Auken i skatt og tilskot vert fastsett i Statsbudsjettet. For auke i eigedomsskatt er det forslag om å legge inn eit bunnfrådrag på 200.000 og ein sats på 7⁰/₀₀

Ansvar 900 – 999 Renter, avdrag, utbytte og fond. Økonomisjef Arvid Storborg

Området har slik budsjetttramme:

	Rekneskap 2008	Budsj(end) 2009	2010
Netto driftsutgift	-3.003.471	6.216.260	9.824.000

Utbytte frå Eidefoss er redusert med 2 mill kr – frå 10 mill kr til 8 mill kr. Renteinntekter er redusert frå 3 mill kr til 2 mill kr.

12. Medarbeidarar

Tilsette

Ei av kommunen sine største utfordringar blir å rekruttere personell med rett kompetanse. Dette gjeld først og fremst innan pleie- og omsorg, men også spesialstillingar, t.d. innan teknisk, der vi konkurrerer med privat arbeidsmarknad. Det er eit mål at vi i 2010 vidareutviklar lokal lønspolitikk for å vera konkurransedyktig i kampen om å rekruttere kompetente medarbeidarar.

Vi vil framleis ha som målsetting å bidra til at ufaglærte får teke fagutdanning.

Ved evt. auke i stillingar i pleie- og omsorg som følgje av statlege mål og nye midlar, er det eit mål å styrkja grunnbemanninga ved å gje deltidstilsette som ønskjer det tilbod om stillingsauke. Vidare er det eit mål ved all nyrekruttering at det vert tilsett medarbeidarar som har fagutdanning.

Det har vore gjennomført eit arbeide med å redusere deltidstillingar.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Medarbeidarundersøkingane er eit supplement til det systematiske helse-, miljø – og sikkerheitsarbeidet på kvar arbeidsplass.

Innføring av kvalitetsloven og tjenestekatalogen vil vere med på å sikre internkontrollsystemet i kommunen. Målet er at dette skal vere eit verkty for å kunne gje brukarane eit betre tilbod og kvalitetssikre tenestene til kommunen.

Vidare er dei ei målsetjing at 100% av arbeidsmiljøsakane vert løyst på den aktuelle arbeidsplassen.

Sjukefråvær

IA-avtalen sette som nasjonalt mål å oppnå 20 % reduksjon av sjukefråværet over 4 år (2001-2006). Sel kommune har hatt IA-avtale frå 01.04.03. Vi har hatt fokus på å finne tiltak som bidrar til at den tilsette ikkje blir sjukmeldt.

Sjukefråværet er no 7,2% i legemeldt fråver. Målsettinga er 5, noko som er svært ambisiøst. På noen av virksomheitene er målet nådd. Samtidig opplever mange tilsette auka arbeidsmengd og dermed auka fysisk arbeidsbelastning. Målet er at det systematiske HMS-arbeidet vert gjort slik at arbeidsmiljøfaktorane totalt sett vert opplevd som positive. Dei to andre IA-måla, om tilrettelegging av arbeid for tilsette med redusert funksjonsevne og god seniorpolitikk, vert ivareteke så langt det økonomisk er mogleg.

Det er grunn til å understreke at det stiller store krav til kommunen som arbeidsgjevar at færre går over i uføretrygd og blir plassert i attføring og skal omplasserast til meir høvelege oppgåver. Det er etablert eit godt samarbeid med Nav om å finne tenlege løysingar.

Satsinga på Kvalitetskommuneprosjektet vil auke fokus på området.

Ytre miljø

Kommunen har utvikla gode system for sikker vassforsyning og avløp. Gjennom reinseverk (VA) og kjeldesortering er målet at Sel kommune ikkje skal ureina det ytre miljøet. Rådhuset og alle barnehagane arbeider med miljøsertifisering. Dette vil bli vidareført til fleire av kommunen sine anlegg.

For resten av bygningsmassen og kommunale eigedomar generelt, er det eit mål i økonomiplanperioden å budsjettere vedlikehaldsmidlar slik at vi greier å halda eit akseptabelt vedlikehaldsnivå (unngå verditap).

13. Økonomiplan 2010 – 2013

	Regnsk.2008	Just. budsj. 2009	Budsj.2010	Budsj.2011	Budsj.2012	Budsj.2013
ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT						
Driftsinntekter						
Brukerbetalingar	11 598 687	11539200	12 009 000	12 009 000	12 009 000	12 009 000
Andre salgs- og leieinntekter	35 821 108	35 820520	35 588 000	35 588 000	35 588 000	35 588 000
Overføringer med krav til motytelse	92 058 547	57144555	65 379 000	65 629 000	65 629 000	65 629 000
Rammetilskudd	111 541 815	139306000	148 353 000	148 353 000	148 353 000	148 353 000
Andre statlige overføringer	8 593 285	10681740	9 289 000	9 289 000	9 289 000	9 289 000
Andre overføringer	2 033 048	2174901	1 131 000	1 131 000	1 131 000	1 131 000
Skatt på inntekt og formue	86 656 392	90638000	96 847 000	96 847 000	96 847 000	96 847 000
Eiendomsskatt	6 468 881	4600000	12 200 000	12 200 000	12 200 000	12 200 000
Andre direkte og indirekte skatter	522 920	195 000	195 000	195 000	195 000	195 000
Sum driftsinntekter	355 294 684	352099916	380 991 000	381 241 000	381 241 000	381 241 000

